

Ja, då så

Bestemor var inne på kjøkkenet. Eg sette frå meg tinga mine i gangen og gjekk inn til henne.

– Du får bu på kammerset du då, tjukken, sa bestemor og peikte på ei dør.

Eg lukka opp døra og kikka inn. Det var eit bitte lite rom. Det einaste som var der inne, var ei seng. Og der skulle eg sove i dei tre vekene eg skulle vere hos bestemor. Dette kom til å bli ein lang ferie.

– Men rommet er så lite, sa eg.

– Stort nok til deg, sa bestemor.

– Kva vil du ha til middag? Lungemos eller blodpudding?

– Øh! Sa eg.

– Gå ut i frysaren og sjå om det er noko vi kan ete der.

Eg gjorde som bestemor sa. Og gjett kva som var oppi fryseboksen? Massevis av pizza! Frosen frå butikken.

– Liker du ikkje pizza? spurde bestemor då eg kom inn på kjøkkenet med ei av øskjene.

– Det er det beste eg veit, sa eg.

– Kvifor maser du om blodpudding då? spurde bestemor.


– Det gjer eg ikkje! Eg liker pizza! sa eg høgt.

– Kor mange pizzaer har du i frysaren? spurde eg.

– Kor lenge skal du vere her? spurde bestemor.

– I 21 dagar, svarte eg.

– Då er det 21 pizzaer, då, sa bestemor. – Ein for kvar dag.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 161.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3.